

TARIFFAR FOR NETTLEIGE

Gjeldande frå 1. januar 2010

Nettleige er det du betaler for å vera tilknytta straumnettet. Nettleiga går til å dekkja kostnadane ved ei stabil og sikker straumforsyning. Desse kostnadane er hovudsakeleg knytta til investeringar, vedlikehald og vaktberedskap. Kvinnherad Energi AS er på vakt døgnet rundt, heile året, og er klar til å rykkja ut om det opstår feil.

Årsaka til endringa er auka investeringar og kostnadar til drift og vedlikehald av Kvinnherad Energi sitt lokale nett, og auka i kostnader i sentral- og regionalnettet som fører straumen inn til vårt område. Det er Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) som bestemmer kor mykje Kvinnherad Energi kan ta i nettleige.

Nettleige for privatkundar

Transport av kraft i Kvinnherad Energi AS sitt fordelingsnett vert frå 01.01.2010 avrekna etter desse tariffar (Alle prisar er inkl. Enova-avgift 1,0 øre/kWh, forbruksavgift på 11,01 øre/kWh og inkl. 25% meirverdiavgift): Sommar: 01.05-30.09 Vinter: 01.01 - 30.04 og 01.10 - 31.12

Kundegruppe	Nettnivå	Tariff	Grunnpris	Nettleigepris-øre/kWh		Merknader
			kr/år	Sommar	Vinter	
Hushald	5	NH	2125	46,3	49,5	Hovudsikring maks 125A/230V 80A/415V
Hytter/ Naust/Fritidshus	5	NH	2125	46,3	49,5	Hovudsikring maks 100A/230V 63A/415V

Nettleige for næringskundar

Transport av kraft i Kvinnherad Energi AS sitt fordelingsnett vert frå **01.01.2010** avrekna etter desse tariffar (Alle prisar er inkl. Enova-avgift (gjeld ikkje nettnivå 3) 1,0 øre/kWh, og eks. meirverdiavgift på 25%): Sommar: 01.05-30.09 Vinter: 01.01 - 30.04 og 01.10 - 31.12

Kundegruppe	Nettnivå	Tariff	Grunnpris	Nettleigepris-øre/kWh		Delavrekning av årseffekt		Merknader
			kr/år	Sommar	Vinter	Effekt del	kr/kW/år	
Små næringskundar	5	NN	2300	26,0	28,6			Hovudsikring maks 125A/230V 80A/415V
Storkundar lågsp.	4/5	NNM	8200	15,4	18,0	< 100 kW	520	Effekt vert målt med 60 min. tidsoppløysning og avrekna etter høgaste månadsverdiar pr. år.
						101-200 kW	480	
						>200 kW	330	
Storkundar høgsp.	3	N3	8200	2,0	4,6		485	

NB! For tariffane NN, NNM kjem følgjande avgifter til staten i tillegg:

Forbruksavgift: 11,01 øre/kWh, Meirverdiavgift: 25 %

Ventetariiff-Leveringsplikt:

I tråd med NVE si forskrift for måling, avrekning og fakturering av 11. mars 1999 nr. 301 § 7 - 1 vil alle nye kundar som ikkje har valgt seg ein kraftleverandør frå og med oppstartsdato, få netteigar si leveringsplikt som "Kraftprodukt- ventetariiff."

Ventetariiff (0 tom. - 6 veker) = Forbruksvegd spotpris + 5,0 øre/kWh u/mva i påslag

Ventetariiff (Fom. 7 veker) = Forbruksvegd spotpris + 9,0 øre/kWh u/mva i påslag

Innmating av produksjon.

Residuale ledd (tilknytningsavgift og effektavgift): 8,00 kr./MWh.

Uttak av reaktiv effekt vert avrekna med kr. 60,- pr.kVar/år

Avrekning av reaktiv effekt for kundar med avrekna effekt over 50 kW:

Dersom uttak av reaktiv effekt overstig 50 % av den aktive effekten i same tidsrom (effektfaktor < 0,9) kan energiverket krevja:

a) at kunden treffer tiltak for betring av effektfaktoren, eller

b) at avrekningsgrunnlaget for aktiv effekt vert auka med 20 % av målt reaktiv effekt.

Nettleige for vegljøs og byggje-og anleggstraum

Transport av kraft i Kvinnherad Energi AS sitt fordelingsnett vert frå **01.01.2010** avrekna etter desse tariffar (Alle prisar er inkl. Enova-avgift 1,0 øre/kWh, og eks. meirverdiavgift på 25%):

Kundegruppe	Nettnivå	Tariff	Grunnpris	Nettleigepris øre/kWh	Merknader
			kr/år		
Vegljøs (anleggs- og driftskostn. vert betalt av kunden)	5	NVM		34,5	Forbruk m/fotocelle: Effekt i kW x4000t Forbruk u/fotocelle: Effekt i kW x8760t
Byggje- og anleggstraum	5	NA	1700	27,6	Til og fråkopling: kr. 1000,-Leige av skap kr.5,- pr. dag

NB! For tariffane NA, NVM kjem følgjande avgifter til staten i tillegg:

Forbruksavgift: 11,01 øre/kWh, Meirverdiavgift: 25 %

Linjer for byggje- og anleggsverksemd:

Ved framføring av midlertidige linje/kabelanlegg må kunden betala dei reelle kostnader.

Bruk av nettet:

Anleggseigar/brukar må på førehand innhenta løyve frå netteigar for tilknytning av større apparat og motorar som kan valda skade eller vera til ulempe for netteigar eller andre nettkundar.

Fråkopling - tilkopling av anlegg.

Dersom kunden ynskjer fråkopling av eit anlegg for kortare eller lengre tid må det ved ny tilkopling betalast eit påkoplingsgebyr på kr. 1000,- ekskl.m.v.a.

Betaling og inkasso:

Ved for sein betaling vert det lagd til renter i medhald av lov om forseinka betaling. Ved utskriving av ekstra betalingsvarsel vert kunden belasta med purregebyr på kr. 59,- for kvar purring.

Dersom kraftleveringa til eit anlegg vert stengd på grunn av manglande betaling skal det, før ny tilkopling, betalast eit gebyr for frå- og tilkopling på kr. 800,-. Om kunden ynskjer opning av stengd anlegg etter ordinær arbeidstid skal det betalast eit tilleggsgebyr på kr. 1000,-

Alle satsar er utan mva.

Avrekning av nettleige skjer etter "Forskrift om måling, avrekning og samordnet opptreden ved kraftomsetning og fakturering av nettjenester" fastsett av NVE.

Ein syner ellers til Energi Norges sine standardvilkår for tilknytning, nettleige og levering av elektrisk kraft og til energiverket sin standard nettleigekontrakt.